



Sigita Kontrimaite
Hindenesvegen 187
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5431 - 23/19866

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
13.03.2023

Orientering om oppstart av tvangsmulkt - gbnr. 242/14 Eidsheim

Saka gjeld

Oppfølging av pålegg om retting av avvik knytt til avløpsanlegg.

Kommunen vil snart sende deg faktura for manglande retting av avvik knytt til avløpsanlegg.

Vi viser til pålegg om retting og vedtak om tvangsmulkt datert 17.08.2022. Vi har ikkje motteke opplysningar frå deg om at avviket er retta og ser oss difor nøydd til å iverksette innkreving av tvangsmulkt som varsla.

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 7 fjerde ledd krev Alver kommune at det vert installert godkjend minireinseanlegg på eigedommen din gnr. 242, bnr.14 Eidsheim nordre. Frist for retting er sett til 28.02.2023. Alver kommune skal underrettast når arbeidet er utført.

Med heimel i forureiningslova § 73 vert det fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt stor kr.15 000,- og ei dagmulkt stor kr. 200,- pr dag dersom utbetringa ikkje vert gjort innan 28.02.2023. Tvangsmulkta vil gjelde i frå 01.03.2023.

Det er naudsynt at du stadfestar at det er inngått avtale med godkjent rørleggarfirma for levering og etablering av reinseanlegg.

Om vi ikkje høyrer noko frå deg innan 31.03.2023 vil saka di verte oversendt til Statens innkrevingsentral for innkreving eingongsmulkt og løpande dagmulkt frå 01.03.2023.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/5431.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sigita Kontrimaite
Tomas Benetis

Hindenesvegen 187
Hindenesvegen 187

5993
5993

OSTEREIDET
OSTEREIDET